

Fra: Per Lerøy (Per.Leroy@austrheim.kommune.no)

Sendt: 08.03.2019 08:37:42

Til: Folkevalde

Kopi:

Emne: Spørsmål til Utval for opplæring og helse, skuleskyss

Vedlegg:

Hei.

Elevar frå ytre Gulen og Solund har gjennom Hordalandsavtalen rett på dagleg skuleskyss til Austrheim vidaregåande skule. Når me no slår saman Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland fylke, vil det vera naturleg at elevar frå indre Gulen får det same tilbodet om dagleg skuleskyss til Knarvik vidaregåande skule. Eg foreslår at det vert oppretta ei skulerute frå Oppedal til Knarvik for skuleåret 2019/2020. Det bør leggjast til rette for at elevar frå heile indre Gulen og frå Modalen kan nytta denne ruta. Ei slik løysing vil gje elevar frå indre Gulen og Modalen moglegheita til å bu heime mens dei tek vidaregåande utdanning, noko dei ikkje har i dag. Dette vil vere til gagn og gled for både elevane og lokalsamfunna dei kjem frå. Reisetida frå indre Gulen og Modalen til Knarvik vil bli om lag ein time, noko som vil vera akseptabelt for dei fleste.

Vil utval for opplæring og helse leggja til rette for at elevar frå indre Gulen og Modalen skal kunna dagpendla til Knarvik vidaregåande skule neste skuleår?

Beste helsing

Per Lerøy

Ordførar

Austrheim kommune

Mob. 94506747

